



Årsmøte 15. mars 2016 Vennelaget for Lensmannsgarden

Dette står i vedtektene for Vennelaget:

1. Visjon

Visjonen for Vennelaget:

- Utvikla heile tunet på Lensmannsgarden til ein kulturell møteplass for grupper i alle aldrar på tvers av etablerte miljø.
- Ta vare på dei kulturhistoriske verdiane på Lensmannsgarden

2. Føremål

Føremål for Vennelaget:

- Vera saman om å ta vare på Lensmannsgarden
- Bidra med dugnadsarbeid til restaurering og vedlikehald
- Medverka aktivt til å etablera aktivitetar på området (arrangør/medarrangør)
- Formidla historie og kulturhistorie
- Vera ein støttespelar for Hå kommune.

Arbeidsprogram for 2016

Arbeidsprogram for 2016

1. Etablera sosialt måltidsfellesskap på dagtid, «Lunsjtreff».
2. Støtte til kommunen i samband med installering av heis.
3. Vera ein støttespelar for aktivitetsleiar/fritidspedagog
4. Vera ein støttespelar for Hå kommune og bidra med prosjektbasert vedlikehald
5. Bidra med arbeid ifm. rehabilitering av Hevdafjos dersom kommunen vedtek dette.
6. Driva kulturarrangement – ”Kultur i Løå”

Arbeidsprogram på lengre sikt

1. Innlemma våningshuset på Lensmannsgarden i den kulturelle møteplassen me har laga

Styret vil fortsetja å utføra arbeidet ved bruk av ulike komitear for ulike oppgåver, m.a. byggkomité, komité for «Lunsjtreff» og arrangementskomité for «Kultur i Løå».